



Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

LINDÅS KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2019 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 13.desember 2018.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til ein reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 430,4 mill. i skatt på eige og inntekt for 2019.

I 2018 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 3,8 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 0,4 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2018 var 86,5 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skatte-nivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 870,4 mill.

Inntektsprognosen for 2019 er no oppdatert med endelege innbyggjartal per 01.01.2019 og inn-komen skatt i 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2019. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2018.



Dei budsjetterte frie inntektene er noko høgare enn i den siste inntektsprognosen. Kommunen må vurdere utviklinga i dei frie inntektene nærare etter første tertial og gjennomføra budsjettrevisjon, i den grad det er nødvendig, slik at inntektene i budsjettet er realistiske.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med om lag kr 169,1 mill. i eigedomsskatt for 2019. Innkomen eigedomsskatt i 2018 var om lag det same, det vil seie kr 169,1 mill.

Eigedomsskatten for 2019 er vedteke med sju promille på «kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», med heimel i eigedomsskattelova § 3 bokstav c.

Som følgje av omlegging av regelverket for eigedomsskatt, vil desse inntektene bli reduserte for kommunen frå og med 2019. Nedtrappinga vil gå over ein periode på sju år. Det er rekna med ein reduksjon i eigedomsskatteinntektene for kommunen i år med om lag kr 19 mill., før statleg kompensasjon for dette inntektstapet.

Kommunen har høge eigedomsskatteinntekter og er særleg sårbar for endringar i regelverket for eigedomsskatt som inneber inntektsreduksjon.

Generelle statstilskot

Det er inntektsført andre generelle statstilskot med om lag kr 35,4 mill. Det består av introduksjons-tilskot for flyktningar (kr 30,4 mill.) og kompensasjonstilskot (kr 5,0 mill.).

Utbytte

Utbytte frå BKK er vidareført i budsjettet for 2019 med kr 9,1 mill. Utbytte frå BKK kan reknast til om lag kr 10,3 mill. i 2019 (1,95 prosent av kr 530 mill.).

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,8 prosent. I dette inngår påreknna lønsvekst med 3,25 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstige den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når for-midlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen rår kommunane til at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr 60,9 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei ordinære avdraga i budsjettet oppfyller det tilrådde minstenivået.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær, bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2019 er kr 35,8 mill. Det er i hovudsak planlagt nytta til driftsfinansiering av investeringar og avsetjing disposisjonsfond.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.



Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn 1,75 prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

I førebels rekneskap for 2018 er det eit netto driftsoverskot med kr 42,6 mill. Dette utgjør 2,9 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot er i hovudsak sett av til disposisjonsfond og til drifts-finansiering av investeringar.

Disposisjonsfondet er styrka i 2018 og var ved utgangen av året om lag kr 242 ½ mill. Av desse midlane på disposisjonsfondet er kr 100 mill. plassert langsiktig og kr 20 mill. sett av til å handtera svingingar i avkastninga for den langsiktig plasseringa, utan at det skal gå utover drifta i dei åra avkastninga på plasseringa blir lågare enn pårekna.

Det er viktig at kommunen har eit stort disposisjonsfond som driftsreserve, blant anna på bakgrunn av uvisse knytt til framtidige eigedomsskatteinntekter og den høge lånegjelda som inneber rente-risiko. Noverande disposisjonsfond kan likevel vera tilstrekkeleg stort.

Fylkesmannen si vurdering er difor at i staden for å opparbeida eit enda større disposisjonsfond enn no, kan det vere føremålstenleg å heller auka driftsfinansieringa av investeringar. Dette vil bidra til at den langsiktige lånegjelda aukar mindre i tida framover enn den elles ville ha gjort.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 489 ½ mill. Den største investeringa er i ny Alversund barneskule. Investeringar innan vatn og avlaup utgjør kr 71,5 mill. av dei samla investeringane.

Dei sjølvfinansierande investeringane innan vatn og avlaup blir lånefinansierte fullt ut, det vil seie med lån kr 71,5 mill. Andre generelle investeringar blir i hovudsak finansierte med bruk av lån (kr 279,9 mill.). I tillegg blir desse investeringane finansierte med momskompensasjon og drifts-finansiering m.m.

Det er også gjort vedtak om låneopptak til vidareutlån med kr 15,0 mill. Eigenkapitalinnskott KLP, kr 3,5 mill., blir dekt med driftsfinansiering og utan bruk av lån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det til-svarande talet for kommunen er kr 79.390,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er rekna til om lag kr 1,5 mrd., eller omlag kr 96.700,- per innbyggjar.

Kommunane Lindås, Meland og Radøy blir som kjend slått saman frå år 2020. Lindås kommune har lagt opp til høge investeringar og låneopptak i år. Dersom dei planlagde investeringane i år blir gjennomførde, vil det påføra den nye kommunen mykje gjeld. Ny kommune må ha økonomisk handlefridom. Det er viktig å unngå at gjelds nivået i ny kommune blir for høgt i åra framover.

Dei høge investeringane er baserte på planlagde innsparingar i drifta. Innsparingane er nødvendige for å frigjera driftsmidlar til å kunne dekkja utgiftene som følgjer av investeringane og auka lånegjeld. Kommunen, og frå år 2020 nye Alver kommune, står føre krevjande innsparingar framover for å fri-gjera driftsmidlar til å kunne investera og auka lånegjelda.

Oppsummering

Det er uvisse knytt til utviklinga i kommunen sine høge eigedomsskatteinntekter. Det er nødvendig å ha eit stort disposisjonsfond som driftsreserve, blant anna som følgje av uvisse knytt til eigedomsskatt i tida framover.



Noverande disposisjonsfond kan likevel vera tilstrekkeleg stort. Kommunen bør difor, i staden for å byggja opp enda større fond, vurderer å auka driftsfinansieringa av investeringar slik at auken i den langsiktige lånegjelda blir mindre.

Det er lagt opp til store investeringar og låneopptak framover. Dette vil påføra nye Alver kommune mykje gjeld. Det vil bli krevjande å gjennomføra nødvendige driftsinnsparingar for å leggja til rette for framtidige investeringar.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Gjenpart:
Deloitte, Postboks 89, 5902 Isdalstø
Sekretariatsleiar for Nordhordland revisjonsdistrikt